

Retningslinjer for forskingsgrupper og forskingsgruppeleiarar ved Høgskulen i Volda

Retningslinjer for forskingsgrupper og forskingsgruppeleiarar ved Høgskulen i Volda	
Dokumenteigar: Forskingsadministrasjonen	Lagt fram for Forskningsutvalet: 20.10.2022 og 05.06.2024
Dokumentansvarleg: Forskingsadministrasjonen	Fastsett av direktør: 3.10.2024
Gyldig for: Vitskapleg tilsette ved HVO	Versjon: 1
Regulert av: Intern ordning	

1. Forskingsgruppe

Ei forskingsgruppe ved HVO er ei gruppe forskrarar som samarbeider om eit langsiktig felles forskingstema som helst skal vere tverrfagleg. Formålet med forskingsgruppene er å skape miljø som legg til rette for fagleg samarbeid og utvikling av gruppa og enkeltforskrarar. Forskingsgruppene skal bidra til å styrke forskingsfeltet sitt gjennom vitskapleg publisering, prosjektutvikling, internasjonalisering og formidling. Forskingsgruppene får støtte til drift frå fellesnivået. Grupper som ikkje kjem inn under desse retningslinjene vert kalla FoU-grupper.

2. Samansetning og organisering

Forskningsgruppa skal vere ein fagleg arena for vitskapeleg tilsette i ulike stillingskategoriar ved HVO. Det er høve til å vere primærmedlem i inntil to grupper. For å få økonomisk støtte frå fellesnivået må forskningsgruppa ha minst seks primærmedlemar. Primærmedlemar (teljande medlem) i ei forskingsgruppe må vere vitskapleg tilsett ved HVO i minst 50% stilling. Pensjonerte fagtilsette, andre tilsette, og masterstudentar skal også kunne vere med i forskningsgrupper, som sekundærmedlemar der det gagnar gruppa.

Forskningsgruppa skal ha éin leiar som er gruppa sin kontaktperson. Forskningsgruppa hører til organisatorisk der forskingsgruppeleiaren har hovudstillinga si. Forskningsgruppa bør ha ein nestleiar. Ved permisjon, sjukdom eller anna fråvær for forskingsgruppeleiari, har nestleiar ansvaret for gruppa.

Forskningsgruppa avgjer sjølv kvar og kor ofte gruppa skal treffast. Tilrådde treffpunkt er minimum tre møte pr. semester. Eit av treffa i løpet av året bør vere av lengre varighet, til dømes eit dagsseminar eller ei lengre samling. Gruppene bør også legge til rette for framlegg av utkast til artiklar eller andre arbeid minst ein gong pr. semester. Ansvaret for oppfølging av stipendiatar og høgskulelektorar i førstelektorløp ligg hos rettleiarar og ansvarlege for kvalifiseringsløp.

Forskningsutvalet oppmodar forskingsgruppene om å inkludere stipendiatar, høgskulelektorar og masterstudentar, og elles vere til støtte for tilsette som er tidleg i forskarkarrieren.

3. Forskningsgruppeleiari

Forskningsgruppeleiariar må ha ei førstestilling og hovudstillinga si ved HVO. Ein tilsett kan normalt berre vere leiar for éi forskingsgruppe. Avdelingane bør sette av tid til leiing av forskingsgruppa på arbeidsplanen for forskingsgruppeleiaren. Forskningsgruppeleiaren har det overordna ansvaret for aktivitet i gruppa. Leiaren skal:

- ha oversikt over medlemane i gruppa og kalle desse inn til regelmessige treff
- ta ansvar for utarbeiding av aktivitetsplan og ambisjon for gruppa
- styre økonomien i gruppa
- sørge for oppdatert informasjon om gruppa på nettsida

- søke om støtte til forskingsgruppa og rapportere om aktiviteten i gruppa
- orientere seg om utlysingar av eksterne forskingsmidlar

4. Kriterium for å opprette og legge ned forskingsgrupper

Forskningsgruppene vert oppretta etter initiativ frå tilsette, gjennom forankring i avdelinga og godkjenning i Forskningsutvalet. Den nye forskingsgruppa vert presentert på nettsida til HVO etter utfylling av ein mal. Informasjon om gjeldande mal vert gitt av Forskningsadministrasjonen.

Forskningsgrupper som over tid ikkje evner å oppretthalde krav om tal på primærmedlemmar eller som over tid har låg aktivitet kan verte vedteke nedlagt av Forskningsutvalet. Forskningsgrupper som sjølve ønsker å legge ned aktiviteten må melde frå til dekan og forskningssjef.

5. Rapportering og aktivitetsplan

Forskningsgruppene må legge fram ein aktivitetsplan for komande år i søknaden om støtte og rapportere om aktivitet føregående år. Forskningsadministrasjonen informerer om fristar og sender ut skjema for søknader og rapportering.

6. Forum for forskningsgruppeleiarar

Forskningsadministrasjonen er ansvarleg for eit forum for forskningsgruppeleiarar. Føremålet med forumet er å skape ein arena for informasjons- og erfaringsutveksling, samt tilby relevante kurs retta mot forskningsgruppeleiarar. Det er forventa at forskningsgruppeleiarane deltek i forumet som vert organisert to til tre gongar i året. Avdelingane kan også organisere møtepunkt for sine forskningsgruppeleiarar.

7. Støtte og ressursar til forskningsgruppene

Leiar for forskningsgruppe kan søkje om årleg støtte til aktivitet i gruppa. Forskningsgruppa må normalt ha minst seks primærmedlem blant vitskaplege tilsette.

Forskningsadministrasjonen lyser ut midlar til forskningsgruppene. Støtta til forskningsgruppene må ta utgangspunkt i både tal på medlemar og publiseringspoeng. Publiseringspoeng skal berre verte registrert for éi gruppe.

Midlane til forskningsgruppene skal ikkje nyttast til frikjøp, men skal nyttast til aktivitetar i gruppa eller for medlemane i gruppa. Avdelingane er ansvarlege for å følgje opp økonomien til forskningsgruppene og må dekke eventuelt meirforbruk. Avdelingane kan også støtte forskningsgruppene med midlar og tid til forskningsgruppeleiararen. Dekan vurderer kor mykje tid ein forskningsgruppeleiar kan få utifrå avdelinga sine strategiske og økonomiske rammer, men det bør ikkje vere mindre enn 20 timer i året.